

Masfjorden kommune

Budsjett 2015
Handlingsplan med økonomiplan
2015 – 2018

Innholdsfortegnelse

1.	INVESTERINGBUDSJETT 2015	5
1.1.	Økonomisk oversyn - Investering	6
1.2.	Budsjettskjema 2A og 2B - Investering	7
2.	DRIFTSBUDSJETTET 2015	8
2.1.	Økonomisk oversyn - drift	8
2.2.	Budsjettskjema 1A og 1B - drift	9
2.3.	Grunnlag i statsbudsjettet 2015	10
2.4.	Frie inntekter	10
2.5.	Eigedomsskatt	11
2.6.	Konsesjonskraft	11
2.7.	Lønskostnader	12
2.8.	Pensjonskostnader	12
2.9.	Arbeidsgjevaravgift	12
2.10.	Finansinntekter	13
2.11.	Renter og avdrag	13
2.12.	Gjeldssituasjon	13
2.13.	Rentenivå	13
2.14.	Driftsresultat	14
3.	RAMMEOMRÅDA 2015	15
3.1.	Folkevalde organ	15
3.2.	Administrasjon	15
3.3.	Barnehage	16
3.4.	Skule	17
3.5.	Helse	17
3.6.	Sosial og barnevern	18
3.7.	Pleie og omsorg	19
3.8.	Kultur	20
3.9.	Kyrkja	21
3.10.	Teknisk	22
3.11.	Andre tenestoområder	23
4.	FORDELING MELLOM RAMMEOMRÅDA	23
5.	GEBYR OG BETALINGSSATSAR 2015	24
5.1.	Renovasjonsgebyr 2015	24

5.2.	Gebyrstatsar (eks.mva) for vatn, avløp, feiing og slamtømming 2015.....	24
5.3.	Gebyrregulativ for teknisk sektor 2015.....	24
5.4.	Barnehagesatsar 2015.....	24
5.5.	Foreldrebetaling SFO 2015.....	25
5.6.	Elev og lagsbetaling i kulturskolen 2015	25
5.7.	Eigenbetaling for pleie og omsorgstenester	25
5.7.1.	Eigenbetaling heimehjelp/praktisk hjelp i heimen.....	25
5.7.2.	Satsar for korttidsopphald institusjon.....	25
5.7.3.	Husleige i omsorgsbustader	25
5.7.4.	Matombringning og sal av mat.....	25
5.7.5.	Eigenbetaling for tryggleiksalarm.....	25
5.7.6.	Eigenbetaling for røykvarslar kopla til tryggleiksalarm	25
6.	HANDLINGSPLAN 2015-18.....	26
7.	ØKONOMIPLAN 2015-18	30
7.1.	Budsjettskjema 1A og 1B – Økonomiplan 2015 - 2018	31
7.2.	Investeringsbudsjett – Økonomiplan 2015 - 2018	32
7.3.	Investeringsbehov bygg 2015.....	33
7.1.	Investeringsbehov kommunale vegar og bruer 2015.....	34
8.	VEDLEGG.....	35
8.1.	Budsjett pr. kontogruppe	35

1. INVESTERINGBUDSJETT 2015

I KS-037/2014 Rammer for årsbudsjett og økonomiplan 2015 – 2018, var det lagt opp til ei investering i anlegg på kr 4 600 000. Sjå kolonne Rammesak KS-037/2014 i skjema 2B-investeringar for spesifikasjon på prosjekt.

Ved revidering av investeringsbudsjett i 2014, var det ikkje dekning for prosjektet nytt ventilasjonsanlegg på Sandnes skule. På grunn av bygningstekniske utfordringar vart anbudsprisen på prosjektet kr 5 900 000. Administrasjonen vart beden om å innarbeide dette i investeringsbudsjett for 2015, og med bakgrunn i anbudsprisen finn ikkje administrasjonen rom for andre investeringsprosjekt i 2015.

Formannskapet har i sak FS-126/2014 bede administrasjonen foreta ein ny anbudsrunde for ventilasjon på Sandnes skule, med sikte på å få kostnadane ned.

Følgjande prosjekt vart vurdert teke inn i investeringsbudsjettet 2015 og i økonomiplan for 2015 – 2018 innanfor investeringsramma :

- Sandnes skule ventilasjon
- Diverse tiltak på kommunale bygg, jf. kapittel 7.3
- Kommunale vegar
- Stordalsvegen
- Omsorgsbustadar
- Vassverk (jf. avtale med Gulen kommune)
- Idrettshus og nærmiljøanlegg Matre
- Helsehus – lokalt
- Areal Risneskaaien – parkering
- Ventilasjon Nordbygda skule

1.1. Økonomisk oversyn - Investering

ØKONOMISK OVERSYN - INVESTERING						
	Framlegg B 2015	Rammesak KS-037/2014	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelg	R 2013	R 2012
Investeringsinntekter						
Salg av driftsmidler og fast eiendom					600 000	1 200 000
Andre salgsinntekter						
Overføringer med krav til motytelse						
Kompensasjon for merverdiavgift	1 000 000					
Statlige overføringer					900 000	
Andre overføringer					500 000	5 540 625
Renteinntekter og utbytte						
Sum inntekter	1 000 000	0	0	0	2 000 000	6 740 625
Investeringsutgifter						
Lønnsutgifter						1 968
Sosiale utgifter						209
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	5 900 000	4 600 000	4 850 000	4 850 000	5 587 310	14 116 736
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon					900	347 106
Overføringer					376 207	2 325 451
Renteutgifter og omkostninger						
Fordelte utgifter						
	0	5 900 000	4 600 000	4 850 000	4 850 000	5 964 417
Sum investeringer	0	5 900 000	4 600 000	4 850 000	4 850 000	16 791 470
Finanstransaksjoner						
Avdrag på lån					564 953	736 355
Utlån	500 000	500 000	500 000	500 000	1 107 500	1 229 550
Kjøp av aksjer og andeler	250 000	250 000	350 000	350 000	346 476	322 530
Dekning av tidligere års udekket					2 449 033	700 000
Avsatt til ubundne investeringsfond						1 000 000
Avsatt til bundne investeringsfond						
Avsatt til likviditetsreserve						
Sum finansieringstransaksjoner	750 000	750 000	850 000	850 000	4 467 962	3 988 435
Finansieringsbehov	5 650 000	5 350 000	5 700 000	5 700 000	8 432 378	14 039 280
Dekket slik:						
Bruk av lån	4 500 000	4 270 000	4 300 000	4 300 000	3 209 064	5 329 550
Salg av aksjer og andeler						
Mottatte avdrag på utlån					354 799	743 637
Overført fra driftsbudsjettet					1 558 571	1 781 387
Bruk av tidligere års udisponert						
Bruk av disposisjonsfond	1 150 000	1 080 000	1 050 000	1 050 000	318 000	2 976 907
Bruk av bundne driftsfond						315 000
Bruk av ubundne investeringsfond			350 000	350 000	948 545	
Bruk av bundne investeringsfond					1 000 000	
Bruk av likviditetsreserve						
Sum finansiering	5 650 000	5 350 000	5 700 000	5 700 000	7 388 980	11 146 481
Udekket/udisponert	0	0	0	0	1 043 398	2 892 799

1.2 Budsjettskjema 2A og 2B - Investering

BUDSJETTSKJEMA 2A - INVESTERING						
	Framlegg B 2015	Rammesak KS-037/2014	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelg	R 2013	R 2012
Investeringar i anleggsmidlar	5 900 000	4 600 000	8 143 000	4 850 000	5 964 417	16 791 470
Utlån og forskotteringar	500 000	500 000	500 000	500 000	1 107 500	1 552 080
Kjøp av aksjar og andelar	250 000	250 000	350 000	350 000	346 476	
Avdrag på lån					564 953	736 355
Dekning av tidlegare års udakka					2 449 032	700 000
Avsetningar						1 000 000
Årets finansieringsbehov	6 650 000	5 350 000	8 993 000	5 700 000	10 432 377	20 779 905
Finansiert slik:						
Bruk av lånemidlar	4 500 000	4 270 000	5 455 000	4 300 000	3 209 064	5 329 550
Inntekter frå sal av anleggsmidlar					600 000	1 200 000
Tilskot til investeringar					1 400 000	5 540 625
Kompensasjon for meirverdiavgift	1 000 000		1 629 000			
Motteke avdrag på utlån og refusjonar					354 799	743 638
Andre inntekter						
Sum ekstern finansiering	5 500 000	4 270 000	7 084 000	4 300 000	5 563 863	12 813 813
Overført frå driftsbudsjett					1 558 571	1 781 387
Bruk av tidlegare års udisponert						
Bruk av avsetningar	1 150 000	1 080 000	1 909 000	1 400 000	2 266 545	3 291 907
Sum finansiering	6 650 000	5 350 000	8 993 000	5 700 000	9 388 980	17 887 107
Udekket / udisponert	0	0	0	0	-1 043 397	-2 892 798

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERINGAR						
	Framlegg B 2015	Rammesak KS-037/2014	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelg	R 2013	R 2012
Investering i anlegg	5 900 000	4 600 000	8 143 000	4 850 000	5 964 417	16 791 470
EDB-felles		500 000	300 000	300 000	948 908	980 128
Nordbygda barnehage						378 627
Sandnes barnehage - Vognskur			195 000		43 970	
Indre Masfjorden barnehage						349 510
Lokaler Nordbygda skule			298 000		101 585	
Lokaler Sandnes skule						210 147
Lokaler Sandnes skule - ventilasjon	5 900 000		0			
Lokaler Matre skule - nytt tak					9 188	
Lokaler Matre skule - ventilasjon			2 300 000			
Matre sylvasseng					95 933	2 917 211
Sjukaheimen - ventilasjon			500 000		44 426	
Kommunale bygg		2 000 000	3 000 000	3 000 000	460 949	
Sleire skulemuseum					139 654	
Kommunale vegar		1 000 000	700 000	700 000	252 400	1 749 062
Gravemaskin TML						531 250
Bustadfelt - tilrettelegging		500 000	500 000	500 000	307 500	
Avlaup		100 000			55 000	91 315
Vassforsyning		500 000			689 164	
Kalkdoseringsanlegg - Frøyset					166 981	2 979 719
Brann - utstyr og bilar			350 000	350 000	2 375 260	856 017
Matre vassverk						4 522 738
Idrettsbaner ballbinge					273 500	
Idrettsbaner krøllgras						1 225 746

Utlån og forskottering

- kr. 500 000 til utlån av Husbanken sine Startlån til delfinansiering av bustader for personar kjem inn i målgruppa vanskelegstilte

Kjøp av aksjar og andelar

- kr. 250 000 til eigenkapitaltilskot KLP (pensjon)

2 DRIFTSBUDSJETTET 2015

2.1. Økonomisk oversyn - drift

ØKONOMISK OVERSYN - DRIFT						
	Framlegg B 2015	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelg	R 2013	R 2012	
Driftsinntekter						
LN4	Brukerbetalinger	10 563 500	9 748 200	9 748 200	10 461 089	10 022 249
LN5	Andre salgs- og leieinntekter	10 880 850	9 144 100	9 144 100	9 357 244	8 804 655
LN6	Overføringer med krav til motytelse	22 377 700	15 289 700	15 289 700	21 170 344	15 015 553
LN7	Rammetilskudd	63 267 000	62 566 000	62 298 000	56 910 680	55 656 593
LN8	Andre statlige overføringer	1 075 000	2 860 000	2 860 000	1 359 277	697 425
LN9	Andre overføringer	5 907 300	8 014 500	8 014 500	9 105 676	13 640 614
LN10	Skatt på inntekt og formue	50 286 000	49 579 000	50 847 000	48 916 510	47 527 748
LN11	Eiendomsskatt	24 300 000	24 260 000	24 260 000	24 386 896	22 436 792
LN12	Andre direkte og indirekte skatter	2 360 000	2 360 000	2 360 000	2 632 915	2 630 459
LN13	Sum driftsinntekter	191 017 350	183 821 500	184 821 500	184 300 631	176 432 088
Driftsutgifter						
LN16	Lønnsutgifter	112 732 260	106 802 300	106 802 300	102 870 933	96 827 039
LN17	Sosiale utgifter	25 627 240	25 479 000	26 479 000	23 117 435	23 281 858
LN18	Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	24 134 000	24 873 000	23 781 000	25 364 234	25 919 782
LN19	Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	15 447 850	13 170 500	12 932 500	14 505 888	8 641 812
LN20	Overføringer	10 534 200	10 266 700	10 266 700	10 280 596	11 519 505
LN21	Avskrivninger	8 616 200	8 566 000	8 566 000	7 904 344	7 798 853
LN22	Fordelte utgifter	-1 040 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
LN23	Sum driftsutgifter	196 051 750	188 157 500	187 827 500	183 043 429	172 988 849
LN25	Brutto driftsresultat	-5 034 400	-4 336 000	-3 006 000	1 257 202	3 443 239
Eksterne finanstransaksjoner						
Finansinntekter						
LN28	Renteinntekter og utbytte	1 795 000	1 765 500	1 765 500	1 972 679	2 149 895
LN30	Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)				2 866 117	1 227 212
LN31	Mottatte avdrag på utlån	50 000	50 000	50 000	296 914	1 075 746
LN32	Sum eksterne finansinntekter	1 845 000	1 815 500	1 815 500	5 135 711	4 452 853
Finansutgifter						
LN34	Renteutgifter og låneomkostninger	1 801 800	2 001 500	2 001 500	1 796 341	1 997 247
LN36	Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)					
LN37	Avdrag på lån	4 500 000	4 300 000	4 300 000	4 845 396	4 445 642
LN38	Utlån	100 000	100 000	100 000	182 034	91 029
LN39	Sum eksterne finansutgifter	6 401 800	6 401 500	6 401 500	6 823 771	6 533 918
LN41	Resultat eksterne finanstransaksjoner	-4 556 800	-4 586 000	-4 586 000	-1 688 060	-2 081 065
LN43	Motpost avskrivninger	8 616 200	8 566 000	8 566 000	7 904 344	7 798 853
LN44	Netto driftsresultat	-975 000	-356 000	974 000	7 473 486	9 161 027
Interne finanstransaksjoner						
LN47	Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk		5 144 476	0	5 983 883	998 453
LN48	Bruk av disposisjonsfond	2 985 000	1 896 000	1 896 000	2 367 725	2 997 473
LN49	Bruk av bundne fond	300 000	1 355 000	250 000	944 000	400 000
LN50	Bruk av likviditetsreserve		0	0	0	
LN51	Sum bruk av avsetninger	3 285 000	8 395 476	2 146 000	9 295 608	4 395 926
LN53	Overført til investeringsregnskapet		750 000	750 000	1 558 571	1 781 387
LN54	Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk					
LN55	Avsatt til disposisjonsfond	2 310 000	7 289 476	2 370 000	8 170 553	4 791 682
LN56	Avsatt til bundne fond				1 895 494	1 000 000
LN57	Avsatt til likviditetsreserven					
LN58	Sum avsetninger	2 310 000	8 039 476	3 120 000	11 624 618	7 573 070
LN60	Regnskapsmessig mer/mindreforbruk	0	0	0	5 144 476	5 983 883

2.2 Budsjettskjema 1A og 1B - drift

BUDSJETTSKJEMA 1A - DRIFT						
	Framlegg B 2015	Rammesak KS-037/2014	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelag	R 2013	R 2012
Skatt på inntekt og formue	50 286 000	52 173 000	49 579 000	50 847 000	48 916 510	47 527 748
Ordinært rammetilskudd	63 267 000	64 175 000	62 566 000	62 298 000	56 910 680	55 656 593
Skatt på eiendom	24 300 000	24 300 000	24 260 000	24 260 000	24 386 896	22 436 792
Andre direkte eller indirekte skatter	2 360 000	2 400 000	2 360 000	2 360 000	2 632 915	2 630 459
Andre generelle statstilskudd	1 075 000	1 200 000	2 860 000	2 860 000	1 359 277	697 425
Sum frie disponible inntekter	141 288 000	144 248 000	141 625 000	142 625 000	134 206 278	128 949 017
Renteinntekter og utbytte	1 795 000	1 200 000	1 765 500	1 765 500	1 972 679	2 149 895
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)					2 866 117	1 227 212
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1 801 800	2 000 000	2 001 500	2 001 500	1 796 341	1 997 247
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)						
Avdrag på lån	4 500 000	4 300 000	4 300 000	4 300 000	4 845 396	4 445 642
Netto finansinnt./utg.	-4 506 800	-5 100 000	-4 536 000	-4 536 000	-1 802 941	-3 065 782
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk						
Til ubundne avsetninger	2 310 000	2 500 000	7 289 476	2 370 000	8 170 553	4 791 682
Til bundne avsetninger					1 895 494	1 000 000
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk			5 144 476		5 983 883	998 453
Bruk av ubundne avsetninger	2 985 000	2 500 000	1 896 000	1 896 000	2 367 725	2 997 473
Bruk av bundne avsetninger	300 000		1 355 000	250 000	944 000	400 000
Netto avsetninger	975 000	0	1 106 000	-224 000	-770 439	-1 395 756
Overført til investeringsbudsjettet			750 000	750 000	1 558 571	1 781 387
Til fordeling drift	137 756 200	139 148 000	137 445 000	137 115 000	130 074 327	122 706 092
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	137 756 200	139 148 000	137 445 000	137 115 000	124 929 852	116 722 208
Mer/mindreforbruk	0	0	0	0	5 144 476	5 983 884

Kommunen opererer med følgende rammeområde (som utgjør det som vert definert som 1B):

BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER						
	Framlegg B 2015	Rammesak KS-037/2014	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelag	R 2013	R 2012
01 Folkevalgte organ	2 281 500	2 074 000	2 013 500	2 013 500	2 061 661	2 337 164
02 Administrasjon	14 308 800	13 938 000	13 757 300	13 532 300	13 395 349	12 438 133
03 Barnehage	15 391 900	15 357 000	14 909 900	14 909 900	13 632 147	13 164 122
04 Skule	38 822 500	39 039 000	37 902 000	37 902 000	35 808 048	36 535 425
05 Helse	9 851 060	9 509 000	11 248 600	11 248 600	10 721 337	10 585 408
06 Sosial og barnevern	5 778 500	6 563 000	6 667 100	6 372 100	5 737 625	5 369 071
07 Pleie og omsorg	45 795 550	44 073 000	43 600 100	42 790 100	37 381 291	37 809 856
08 Kultur	5 955 500	6 433 000	6 246 500	6 246 500	6 219 403	4 904 014
09 Kyrkja	3 556 700	3 584 000	3 480 000	3 480 000	3 622 693	3 374 023
10 Teknisk	6 226 700	7 301 000	7 089 200	7 089 200	8 122 765	7 146 343
11 Andre tenesteområder	-10 212 510	-8 723 000	-9 469 200	-8 469 200	-11 772 468	-16 941 351
Sum overført til 1A	137 756 200	139 148 000	137 445 000	137 115 000	124 929 852	116 722 208

2.3 Grunnlag i statsbudsjettet 2015

Statsbudsjettet 2015 inneber følgjande resultat for Masfjorden med framskriving i økonomi-planperioden, skatt og rammetilskot = frie inntekter

MASFJORDEN (år 2015-prisnivå i perioden 2015-2018)	1266						
					PROGNOSE		
1000 kr	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	35 256	37 102	38 354	37 875	37 994	37 994	37 995
Utgiftsutjevning	19 977	18 719	22 920	22 972	23 006	23 006	23 006
Overgangsordninger (INGAR fra 2009)	-117	234	-103	-107	-	-	-
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arbavg)	259	-	391	427	427	427	427
Nord-Norge-tilskudd/Namdalsstilskudd	-	-	-	-	-	-	-
Hovedstadstilskudd (fra 2011 storbytilskudd)	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd	4 996	5 161	5 316	5 475	5 475	5 475	5 475
Distriktstilskudd Sør-Norge	-	-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd	-	-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg. herav gradvis bortfall av dif.arbeidsgiveravgift	-	-	-	-	-	-	-
Skjønn - tap endringer av inntektssystemet	100	100	100	100	100	100	100
Endringer saldert budsjett 2014			-180				
Kompensasjon Samhandlingsreformen	-	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn tildelt av KRD	-	-	-	-	-	-	-
RNB2012-2014	38	18	54				
Sum rammetilsk uten inntektsutj	60 509	61 334	66 851	66 742	67 002	67 002	67 002
"Bykjetrekke" (anslag etter 2010)							
Netto inntektsutjevning	-4 852	-4 423	-4 386	-4 284	-4 284	-4 284	-4 284
Sum rammetilskudd	55 657	56 911	62 465	62 458	62 717	62 717	62 718
Rammetilskudd - endring i %		2,3	9,8	-0,0	0,4	-	0,0
Skatt på formue og inntekt	47 528	48 916	49 280	51 096	51 096	51 096	51 096
Skatteinntekter - endring i %		2,9	0,74	3,68	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	103 185	105 827	111 700	113 600	113 800	113 800	113 800
				(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)			
Sum - endring i %		2,6	5,5	1,7	0,2	-	-

2.4 Frie inntekter

Det er i Statsbudsjettet lagt opp til ein vekst i dei frie inntektene på nasjonalt nivå med om lag 3,9 mrd. Auken i dei frie inntektene skal i stor grad dekka meirutgifter som følgje av befolkningsutviklinga. Nye framskrivingar av befolkningsutviklinga syner lågare vekst enn tidlegare, og pårekna meirutgifter knytt til dette er redusert med 0,6 mrd. i forhold til kommuneproposisjonen.

Vidare skal auken i frie inntekter ta høgde for auke pensjonskostnader. Lønsviklinga, låg rente, auka levealder og redusert amortiseringstid frå 10 år til 7 år for premieavvik vil ha innverknad på pensjonskostnadane i 2015.

I statsbudsjettet er det og lagt opp til ei styrking av tenestar innan rusproblem og psykiske lidningar, helse- og skulehelse og meir fleksible barnehageopptak.


Endring i rammetilskotet vert og gjennomført for nye og endra oppgåver for kommunene

Trekk i samband med avvikling av samhandlingsreforma, 2,417 mill. kr.

2.5. Eigedomsskatt

Masfjorden kommune har skrivt ut eigedomsskatt på verk og bruk i medhald av eigedomsskattelova §3 første ledd bokstav c. Alminneleg eigedomsskattesats er sett til 7 promille i 2015.


Frå og med 2001 gjorde Stortinget vedtak om innføring av § 8 i eigedomsskattelova for kraftføretak. Iverksetjing av § 8 i eigedomsskattelova medførte at Masfjorden kommune fekk eit inntektstap første år med 1,5 million kroner eller om lag 16% av eigedomsskatten sett i høve til 2000. Sum eigedomsskatt 8,1 mill.kr. Utvikling siste åra har endra seg frå at ein vart fanga opp av lågaste verdi ved verdsetjing av kraftproduksjonsanlegg 0,95 kr. per kWh til at ein no har nådd maksimum på 2,74 kr. per kWh.. Ein har lagt til grunn 24,3 mill.kr. i eigedomsskatt 2015. Eigedomsskattegrunnlaget som kommunen har motteke frå Sentralskattekontoret for storbedrifter tilseier at utskrivne eigedomsskatt vert 24,219 mill kr, der 1,824 mill. kr kjem frå verk og bruk og 22,395 mill. kr gjeld eigedomsskatt på kraftanlegg.



2.6. Konesjonskraft

Kommunen har krav på konesjonskraftinntekter som ei erstatning for å stille naturressursar til disposisjon for kraftutbygging. Inntil 10 % av kraftmengda går som konesjonskraft til utbyggingskommunen. Kommunen sitt uttak kan imidlertid ikkje overstige behovet for alminneleg forsyning i kommunen. Kommunen har teke ut 30 GWh over fleire år, medan forbruket har vore på midten av 20 talet. Etter semje med fylkeskommunen, tek Masfjorden ut 35 GWh for 2015. Fylket gjer frå 2008 krav på uttak av all kraft utover det som er kommunen sin alminneleg forsyning. Dersom forbruket i kommunen i åra framover vert mindre enn 35 GWh gjer fylket krav på eit finansielt etteroppgjær. På den andre sida vil kommunen ha krav på eit finansielt etteroppgjær om forbruket aukar i kommunen.

Konesjonskrafta er ei variabel inntekt, med nær 10 mill. kr i 2011. Utviklinga i kraftmarknaden/kraftprisen avgjer kva pris ein oppnår i økonomiplanperioden. For 2015 er garantiprisen 3,8 mill. kr, og denne ligg til grunn i planperioden 2015-18. Det er her ein fare for redusert kraftpris som kan gje mindre inntekt + volum (at ein reelt brukar 32 GWh), og ein er veldig sårbar ved varig reduksjon i kraftprisen som følgje av finanskrisa og økonomisk nedgangstider. I 2015 budsjettet, og lagt til grunn ei nettoinntekt på 3,8 mill.kr.



2.7. Lønnskostnader

Ein legg til grunn ei lønsvekst for 2015 på 3,5 %.

2.8. Pensjonskostnader

Legg til grunn satsar frå 2015 budsjettet brutto 18% for KLP og 15% for SPK. Budsjettet er auka i forhold til amortifisert premieavvik, som vert dekke av avsette midlar frå tidlegare år. Det er budsjettert med ei inntekt på 2,9 mill. kr i premieavvik for 2015.

Pensjonsutgiftene har vore aukande dei siste åra bl.a. på grunn av lengre levetid i befolkninga. Frå og med 2002 blei det innført nye rekneskapsreglar for pensjon kor det blei gitt høve til å inntektsføre eit premieavvik når pensjonsinnbetalinga frå kommunen til pensjonsselskapet er større enn berekna pensjonsutgift. Kommunane har kunne velje om ein vil utgiftsføre dette premieavviket i det neste året i sin heilskap eller fordele denne utgifta rekneskapsmessig dei neste 15 årene. Vi har valt 15 år. – ordninga vart omlagt frå og med 2012, slik at denne ordninga er endra frå 15 til 10 år. Frå 2014 skal utgifta fordelast over 7 år.

Dette har ført til at ein har akkumulert store premieavvik som må utgiftsførast over tid. Dette fører også til eit avvik mellom rekneskap og likviditeten. På denne bakgrunn vil det i aukande grad bli nødvendig å utgiftsføre premieavvik frå tidlegare år.

Masfjorden kommune har sett midlar til pensjonsfond under balansekonto 2.5600.102 knytt til pensjonsmidlar og det faktum at kommunane skyver framfor seg store deler av pensjonskostnaden, til dekking av premieavvik og eigenkapitalinnskott KLP – og har difor reservar til å dekke denne utfordringa.

2.9. Arbeidsgjevaravgift

Ein legg til grunn avgift i tråd med sone 2, dvs. 10,6% arb.gj. avgift for alle tilsette i Masfjorden kommune.

2.10. *Finansinntekter*

Finansinntekter er summen av rente bankinnskott, plasserte fondsmidler, utbytte, rente- og avdrag på utlån av næringslån og startlån (etableringslån). Avkastning fondsmidler var vore til dels svært høg ein del år (sett i høve til plasserte midlar). Låg rente kommande år gir liten avkastning midlar plassert i bank. Avkastinga på fondsmidler er usikker, og det er ikkje budsjettert med gevinst på plasseringar. Det er sett av 2,6 mill. kr på balansekonto 2.5600.106 for å dekke eventuelle tap på plasseringar. Dei avsette midlane kan nyttast når plasseringane vert realisert.

2.11. *Renter og avdrag*

Masfjorden kommune har ei øvre ramme for låneopptak i økonomiplanperioden tilsvarande det ein betalar ned i avdrag årleg;

Låneopptak 2015:	kr. 4 500 000
Låneopptak 2016:	kr. 4 100 000
Låneopptak 2017:	kr. 4 200 000
Låneopptak 2018:	kr. 4 300 000

noko som inneber at lånegjelda vil bli uendra ved utløpet av økonomiplanperioden.

Ein legg til grunn rente på 2,5 % på innlån i økonomiplanperioden.

Ein legg vidare til grunn følgjande rente- og avdrag i driftsbudsjetta og økonomiplanperioden 2015-2018 (tal i heile 1000);

	År 2015	2016	2017	2018
Rente	2 000	2 000	2 000	2 000
Avdrag	4 300	4 100	4 200	4 300

2.12. *Gjeldssituasjon*

Kommunane sin lånegjeld har auka mykje samla sett dei seinare åra. Gjeldsnivået er no høgt, også når ein vurderer det i forhold til inntektene. Det er grunn til bekymring om denne utviklinga fortsetter dei neste åra slik at gjeldsbelastninga aukar ytterlegare. Sjølv om kommunane kan betene gjeldsforpliktingane, fører eit høgt gjeldsnivå til at ein større del av inntektene blir bundne opp i renter og avdrag i staden for å bli nytta til direkte tenesteyting for innbyggjarane. Ein del av gjelda er heilt eller delvis sjølvfinansierande, for eksempel gjennom avgifter eller statleg rentekompensasjon.

2.13. *Rentenivå*

Noverande rentenivå er spesielt lågt, sett i eit lengre tidsperspektiv. Sjølv om det er ein politisk målsetning at rentenivået fortsatt skal være lågt, må det over tid forventast eit høgare rentenivå. Kommunane er sårbare om eit fortsatt lågt rentenivå er nødvendig for å oppretthalde den økonomiske handlefridomen. Det noverande låge rentenivået må sjåast i samanheng med finanskrisa og behovet for å stimulere den økonomiske aktiviteten.

2.14. *Driftsresultat*

Masfjorden kommune har som mål å oppnå 3% netto driftsresultat. Budsjettframlegget 2015 ligg på -0,51 %. Tidlegare budsjettframlegg har og vært under 3%, men i rekneskapen har Masfjorden kommune greidd målet om 3% netto driftsresultat . Med eit stramt driftsbudsjett i 2015, kan det vera vanskeleg å nå dette målet.


3. RAMMEOMRÅDA 2015

3.1. Folkevalde organ

Folkevalgte organ	Framlegg B 2015	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelg	R 2013	R 2012
10001 Folkevalgte organ	1 584 500	1 552 500	1 552 500	1 499 810	1 799 870
10002 Støtte til politiske parti	40 000	40 000	40 000	39 917	39 917
10003 Val	200 000			97 153	11 451
11000 Kontroll og revisjon	457 000	421 000	421 000	424 781	485 926
Sum Folkevalgte organ	2 281 500	2 013 500	2 013 500	2 061 661	2 337 164

Samla aukast rammeområde med 13,31 % i høve 2014 budsjettet. Det er budsjettetert med kr 200 000 til utgifter til val som dekkast av bruk av disposisjonsfond.

Tidsserie for Netto driftsutgifter, administrasjon og styring, i kr. pr. innb., konsern



3.2. Administrasjon

Administrasjon	Framlegg B 2015	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelg	R 2013	R 2012
12000 Kantine				-6 124	-11 892
12001 Rådmannskontoret	4 144 000	4 020 000	4 020 000	4 102 994	3 617 640
12002 Kommunekassen	1 851 000	1 814 100	1 814 100	1 668 342	1 750 793
12003 Velferdstiltak		130 000	355 000	12 216	-131 785
12004 Løn og personal	2 015 300	1 938 300	1 938 300	997 787	926 532
12005 Administrasjon teknisk	1 576 000	1 530 900	1 530 900	1 534 170	1 487 309
12006 Fellestenester	2 330 500	1 782 000	1 782 000	2 638 255	2 346 265
12009 Rådgjevargruppa	2 392 000	2 317 000	2 317 000	2 447 708	2 453 272
Sum Administrasjon	14 308 800	13 532 300	13 757 300	13 395 349	12 438 133

Samla aukar administrasjon med 5,74 % i høve 2014 budsjettet og 6,82 % i høve sist avlagde rekneskap 2013.

”Kantinadrifta” vert finansiert av dei tilsette, i form av trekk av løn.

Drifta er ei vidareføring av driftsnivå for 2014. Auka på teneste 12006 Fellestenester gjeld utgifter til IKT Nordhordland og lisensar på dataprogram.



Velferdstiltak gjeld m.a. bedriftshelseteneste for dei som er lovpålagd, og div. fellestiltak lærlingar, stipendordningar - utdanningsstipend.

3.3. Barnehage

Barnehage	Framlegg B 2015	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelg	R 2013	R 2012
20101 Nordbygda barnehage	5 899 300	5 435 900	5 435 900	5 241 128	5 023 033
20102 Sandnes barnehage	4 769 400	4 105 100	4 105 100	3 079 815	2 717 436
20103 Indre Masfjorden barnehage	2 496 000	2 735 400	2 735 400	2 613 949	3 020 947
20104 Felles barnehage	343 400	617 000	617 000	694 217	597 558
21101 Styrka tilbud Nordbygda barnehage	373 500	453 200	453 200	393 699	348 479
21103 Styrka tilbud Indre Masfjorden barnehage				65 636	403 515
22101 Lokaler og skyss Nordbygda barnehage	572 100	592 500	592 500	528 244	447 337
22102 Lokaler og skyss Sandnes barnehage	467 700	458 300	458 300	481 593	232 372
22103 Lokaler og skyss Indre Masfjorden barnehage	470 500	512 500	512 500	533 865	373 446
Sum Barnehage	15 391 900	14 909 900	14 909 900	13 632 147	13 164 122

Samla aukar rammeområde med 3,23 % i høve 2014 budsjettet, og 12,91 % i forhold til 2013 rekneskapen.

Kommunestyret har vedtatt at det skal være løpende opptak, og barnehagene plikter derfor å ta imot nye barn også der det fører til flere tilsetninger (jf. bemanningsnormen for barnehager).



Frå 2011 vart tilskotsordninga til barnehagar endre frå øyremerka tilskot til rammefinansiering.


3.4. Skule

Skule	Framlegg B 2015	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelg	R 2013	R 2012
20201 Nordbygda skule	10 717 000	11 366 000	11 366 000	10 457 131	10 377 811
20202 Sandnes skule	9 104 000	8 331 000	8 331 000	8 678 485	8 937 606
20203 Matre skule	9 612 500	9 165 500	9 165 500	9 075 272	8 572 824
20204 PPT og fellesutgifter	2 106 000	1 955 000	1 955 000	1 347 188	1 641 782
20205 Den kulturelle skulesekken	72 000	74 000	74 000	33 379	10 427
21300 Vaksenopplæring	177 000	68 000	68 000		28 154
21301 Opplæring innvandrarar	4 000	16 000	16 000	-408 790	-163 539
21501 Nordbygda SFO	177 500	217 000	217 000	163 075	200 901
21502 Sandnes SFO	143 500	177 000	177 000	172 713	120 963
21503 Matre SFO	314 000	388 700	388 700	270 524	193 400
22201 Lokale Nordbygda skule	2 100 500	1 769 500	1 769 500	1 685 754	1 842 307
22202 Lokale Sandnes skule	1 605 500	1 631 400	1 631 400	1 741 486	1 958 931
22203 Lokale Matre skule	1 394 000	1 392 900	1 392 900	1 287 665	1 413 125
22301 Skuleskyss Nordbygda skule	655 000	690 000	690 000	693 975	742 717
22302 Skuleskyss Sandnes skule	280 000	300 000	300 000	272 416	293 176
22303 Skuleskyss Matre skule	360 000	360 000	360 000	337 774	364 841
Sum Skule	38 822 500	37 902 000	37 902 000	35 808 048	36 535 425


Samla aukar rammeområde med 2,43 % i høve 2014 budsjettet, og 8,42 % i forhold til 2013 rekneskapen.

Det er lagt inn ei reduksjon i rammetimetalet for 2015.

Tidsserie for Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn



Tidsserie for Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år





3.5. Helse

Helse	Framlegg B 2015	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelg	R 2013	R 2012
23200 Helsesøsterteneste	793 560	759 000	759 000	725 963	784 348
23301 Miljøretta helsevern				19 622	
24101 Legekontor	4 947 000	4 115 500	4 115 500	3 819 804	4 023 096
24102 Legevakt	1 100 000	1 027 000	1 027 000	876 743	829 476
24104 Fysioterapi	455 500	325 500	325 500	386 543	700 694
24105 Hjelpemiddelformidling	248 000	241 600	241 600	201 751	202 463
24106 Psykiatrisk helsevern	1 946 500	2 058 500	2 058 500	1 983 821	1 927 075
24107 Fysioterapi - Driftsavtale	360 500	343 000	343 000	249 623	329 095
24108 Folkehelse		178 500	178 500	122	186 694
24109 Samhandlingsreform		2 200 000	2 200 000	2 457 346	1 602 466
Sum Helse	9 851 060	11 248 600	11 248 600	10 721 337	10 585 408

Samla reduserast rammeområde med 12,42 % i høve 2014 budsjettet, og ned med 8,12 % i høve 2013 rekneskapen. Nedgangen for rammeområdet skuldast avvikling av den kommunale finansieringa av samhandlingsreformen.



Det er budsjettert med auka vikarutgifter på legekantoret, då to av legane skal ha avtalefesta permisjon i samband med etter-/vidareutdanning.



3.6. Sosial og barnevern

Sosial og barnevern	Framlegg B 2015	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelag	R 2013	R 2012
23302 Familievern				100 669	
23406 Støttekontakt					31 323
23407 Støttekontakt/ funksjonshemma	1 038 500	1 898 000	1 898 000	1 464 703	1 422 551
24201 Sosialkontortjenester	1 214 000	1 061 000	1 061 000	902 555	581 424
24205 Sals- og skjenkekontroll	-20 000			-24 705	-24 512
24206 NAV lokale	139 000	138 000	138 000	273 518	138 189
24300 Tilbod til personar med rusproblem	61 000	24 000	24 000	28 959	17 944
24400 Barnevernstenesta	1 423 500	1 316 000	1 611 000	966 541	1 228 599
25100 Barneverntiltak i familien	379 000	394 500	394 500	534 343	323 888
25200 Barneverntiltak utanfor familien	1 191 500	1 188 600	1 188 600	1 039 869	1 110 632
28101 Økonomisk hjelp	352 000	352 000	352 000	451 172	539 033
Sum Sosial og barnevern	5 778 500	6 372 100	6 667 100	5 737 625	5 369 071

Samla sett går rammeområde ned med 9,32 % i høve 2014 budsjettet, og opp med 0,71% i høve 2013 rekneskapen. I stor grad gjeld dette reduksjon av støttekontakt for funksjonshemma. Denne kostnaden kjem i 2015 budsjettet under rammeområdet Pleie og omsorg, avlastingsbustad.




3.7. Pleie og omsorg

Pleie og omsorg	Framlegg B 2015	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelg	R 2013	R 2012
25300 Masfjorden sjukeheim pleie	8 911 000	9 846 000	9 846 000	8 490 609	9 286 338
25301 MS - Kjøkken	1 975 000	4 006 300	4 006 300	3 814 427	3 507 987
25302 Masfjorden sjukeheim - Nystova	6 261 900	5 244 500	6 054 500	3 532 879	4 309 838
25303 Masfjorden sjukeheim - Nystova/natt	3 077 500	3 177 000	3 177 000	3 035 789	3 146 569
25304 Korttidsavdeling					-8 095
25305 Pleie vakt felles	268 500	329 000	329 000	266 979	334 495
25307 Avlastningsbustad	6 108 000	5 022 000	5 022 000	3 460 536	2 635 945
25308 Fellestenester Masfjorden sjukeheim	1 811 000				
25400 Heimetenester NORD	5 035 000	4 213 500	4 213 500	3 584 104	3 635 907
25408 Heimetenester SØR	4 321 500	4 154 000	4 154 000	4 414 354	3 981 716
25409 Heimetenester INDRE	4 607 400	4 324 700	4 324 700	4 367 611	4 147 111
25506 Dagsenter SØR				135 052	
26100 Butilbod i institusjon	3 683 000	2 684 400	2 684 400	2 473 521	2 624 836
26501 Omsorgsbustadar NORD	-98 600	-80 000	-80 000	-30 053	-6 135
26502 Omsorgsbustadar SØR	-60 700	-74 500	-74 500	-48 917	-16 837
26503 Omsorgsbustadar INDRE	-209 250	-165 000	-165 000	-161 930	167 333
26504 Omsorgsbustadar TTF	102 300	62 200	62 200	43 859	14 368
26507 Omsorg/psyk.bustadar NORD	2 000	46 000	46 000	2 470	48 481
Sum Pleie og omsorg	45 795 550	42 790 100	43 600 100	37 381 291	37 809 856

Samla sett aukar rammeområdet med 7,02 % i høve 2014 budsjettet, og opp med 22,51% i høve 2013 rekneskapen. Kostnader til merkantilt tilsette og andre fellestenester er i 2015 samla i ny teneste 25309 Fellestenester Masfjorden sjukeheim.

Auke på tenesta 25307 Avlastingsbustad aukar grunne endringar i tenestebehov.



3.8. Kultur

Kultur	Framlegg B 2015	B 2014 Justert	B 2014 Opphavelag	R 2013	R 2012
37001 Folkebibliotek	1 069 500	1 126 000	1 126 000	922 668	900 643
37500 Museum	446 000	648 000	648 000	778 905	968 913
37504 Sleire skulemuseum				-25 542	6 212
38002 Drifts-/ anleggstøtte idretts.org.	25 000	75 000	75 000	61 202	62 558
38003 Idrettsskolen	222 500	362 000	362 000	320 588	291 507
38101 Matre symjebasseng	1 066 000	1 067 000	1 067 000	1 145 458	353 116
38102 Idrettsbaner/sentralbaneanlegg	332 000	330 000	330 000	279 814	68 823
38300 Kultur- og musikkskolen	2 457 000	2 267 500	2 267 500	2 057 619	1 902 582
38501 Kulturkontor				24 019	26 547
38502 Vaksenopplæring utanfor skuleverket	29 500	45 000	45 000	40 000	60 000
38503 Kulturvern og arkiv	50 000	50 000	50 000	7 347	18 007
38505 Støtte til frivillige lag/organisasjonar	60 000	75 000	75 000	56 500	56 000
38506 Andre kulturaktivitetar	198 000	201 000	201 000	550 826	189 105
Sum Kultur	5 955 500	6 246 500	6 246 500	6 219 403	4 904 014

Samla sett reduserast rammeområdet med 4,66 % i forhold til budsjett 2014 og 4,24 % i forhold til rekneskap 2013.

I framlegget til budsjett 2015 er kostnadane til museum redusert med kr 202'. Idrettsskolen er budsjettert med drift fram til hausten 2015.

Kulturfond

Grunnkapital i fondet utgjer 1 mill.kr.

- Avkastninga av kulturfondet skal brukast til å fremja kulturaktivitet og på den måten skapa grunnlag for eit rikare kulturelt liv i vår kommune.
- Avkastninga skal brukast til å gje innbyggjarane i Masfjorden gode kulturopplevingar, t.d skal lag/organisasjonar her kunna søkja underskotsgaranti dersom dei vil satsa på å få anerkjente artistar hit.
- Det er høve til å bruka av avkastninga til tiltak som kan engasjera og vidareutvikla våre eigne lokale utøvarar, t.d. gjennom å leiga inn profesjonelle utøvarar som inspiratorar innan song-, musikk, teater, dans og andre kunstformer. Det kan òg søkjast støtte til å dekkja kursutgifter til ungdommar som vil ut og skaffa seg meir kunnskap og inspirasjon innan desse områda.
- Ein kan søkja om å få bruka midlar til prosjekt som handlar om å nytta kultur i næringsssamanheng.
- Avkastninga kan og brukast til å fremja internasjonalt samarbeid for ungdom.

3.9. Kyrkja

Kyrkja		Framlegg B 2015	B 2014 Justert	B 2014 Opphøveleg	R 2013	R 2012
39000	Kyrkjer og MKF	2 966 700	2 900 000	2 900 000	3 047 343	2 807 165
39200	Andre religiøse formål	20 000	20 000	20 000	34 350	38 469
39300	Kyrkjegardar	570 000	560 000	560 000	541 000	528 389
	Sum Kyrkja	3 556 700	3 480 000	3 480 000	3 622 693	3 374 023

Masfjorden kyrkjelege fellesråd (MFK) får eit driftstilskot i 2015 på 3,537 mill. kr, fordelt med 2,967 mill. kr til Kyrkjer og MFK og 570' kr til kyrkjegardar.

Under kyrkje vert og ført tenesteytingsavtale kr. 391 700 og kompensasjon for renter og avdrag på lån MKF har teke opp til investeringar. Det er og budsjettet med 20' kr. til støtte til andre trussamfunn.

Til grunn for **kommunen sitt økonomiske ansvar** ligg kyrkjelova sin § 15:

”Kommunen utreder følgende utgifter etter budsjettforslag fra kirkeleg fellesråd:

- a) *utgifter til bygging, drift og vedlikehald av kirker,*
- b) *utgifter til anlegg og drift av kirkegårder*
- c) *utgifter til stillinger for kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og til daglig leder av kirkelig fellesråd,*
- d) *driftsutgifter for fellesråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold, etc. (konfirmatundervisning, prest)*

Kva går det kommunale driftstilskotet til;

Driftstilskot under 39000 går til

1.100 - Kyrkjeleg administrasjon:

Løn til dagleg leiar, alle utgifter til kontorhald og dagleg drift av fellesrådet (må jamførast med tenesteytingsavtalen med kommunen). Utgifter til fellesrådet (møtegodtgjersle, leiargodtgjersle, reisegodtgjersle med meir).

1.200 – Kyrkjer:

Løn til organist samt kyrkjetenarar og klokkar i 3 kyrkjer (+ granneheimen). Til saman 6 personar og eitt lag (helselaget på Solheim). Her skal alle driftsutgifter til vedlikehald og drift av kyrkjene finansierast, inkludert straum og forsikring.

1.400 – Andre kyrkjelege føremål.

Løn til kyrkjelydssekretær og dagleg leiar av frivillighetssentralen. Står for drift og leiging av sær mange lag og organisasjonar. I tillegg ansvarleg for samarbeidsplanane mellom kyrkjeskule og kyrkje-barnehage. Dåpsopplæringsarbeidet og konfirmasjonsarbeidet (medansvarleg) vert og ført her.

Ansvarleg for leinga av Frivillighetssentralen i Masfjorden.

Driftstilskot under 39300 går til

1.300 – Kyrkjegardar

Her ligg løn til gravar samt all drift og vedlikehald av 6 kyrkjegardar

3.10. Teknisk

Teknisk	Framlegg B 2015	B 2014 Justert	B 2014 Opphøveleg	R 2013	R 2012
12901 Gulen og Masfjorden brann og redning				-102	
26505 Gjennomgangsbustadar	-2 200	78 700	78 700	677 824	1 108 296
26506 Utleigebygg Hosteland	-3 300	-1 000	-1 000	107 210	67 716
26508 Utlegebustadar Sandnes	-102 300	237 000	237 000	-51 868	-14 233
28501 Fylkesvegar	800	21 000	21 000		
30100 Plansaker	292 000	543 500	543 500	668 416	675 269
30200 Byggjesaker	211 700	195 400	195 400	19 821	209 332
30300 Kart- og oppmåling	702 300	764 700	764 700	697 932	341 419
31502 Festetomtår	194 000	195 000	195 000	217 934	61 903
31505 Tilrettelegging bustadar				-37 500	
32901 Skogbruk	2 700	14 700	14 700		-700
32902 Jordbruk	711 400	687 500	687 500	654 956	871 751
33301 Kommunale vegar	2 711 100	2 372 500	2 372 500	2 954 634	2 683 537
33305 Gatelys	195 900	268 000	268 000	197 048	156 007
33306 Private vegar					7 379
33501 Offentlege parkar og anlegg	111 200	107 200	107 200	154 178	74 036
33503 Offentlege toalett	27 000	26 000	26 000	37 770	36 000
33801 Feieng og vanleg branntilsyn				-56 094	26 957
33901 Brannvesen	2 037 400	2 067 000	2 067 000	2 245 459	1 886 540
33902 Beredskap mot akutt forureining	31 000	50 000	50 000	45 716	44 100
34500 Distribusjon av vatn (sal)	-347 800	-239 000	-239 000	168 494	12 418
35000 Avløpsrensing					2 295
35301 Avløpsnett	-442 100	-442 000	-442 000	-597 290	219 986
35401 Septiktank/slamtømming	-40 800	-40 000	-40 000	-56 160	-913
35402 Kloakkavgift	-128 000				-614 431
